



Statens vegvesen region vest

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5797 - 14/17521

Saksbehandlar:

Knut Bjørnevoll

KBJ@lindas.kommune.no

Dato:

01.08.2014

Løyve til tiltak - gbnr 188/323 Gjervik ytre - mellombels brakker

Delegert vedtak:

1. Med heimel i pbl §§13-1 2.ledd vert det gjeve mellombels unntak frå byggjeforbod i områdeplan for Knarvik sentrum for plassering av kontorbrakker.
2. Med heimel Pbl §20-2 vert det gjeve løyve til oppføring av ny kontorbrakke og utskifting av eksisterande kontorbrakke, i samsvar med teikningar, kart og skildring mottekne 13.07.2014

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- 2.1 Løyvet gjeld i mellombels for to år, til og med 04.08.2016 . Innan denne datoen skal bygget fjernast, med skriftleg tilbakemelding til kommunen, dersom det ikkje vert gjeve nytt løyve.
- 2.2 Det skal leggest fram samtykke frå arbeidstilsynet.
- 2.2 Når brakkene er på plass, skal det sendast inn skriftleg melding med koordinatar.

Dei ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast ut over det som er omfatta av løyvet.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Søknaden frå statens vegvesen

Vil med dette søke om løyve til å sette opp midlertidige brakke modular ved Nordhordland trafikkstasjon g.nr 188 og b nr 323.
Brakke modulane er tenkt plassert slik det er vist på vedlagd situasjons kart, der vi vil sette opp 2 stk i samanheng på nord sida og ei enkelt ståande på sør sida av hovud bygget.
Den på sør sida er tenkt som reserve lokalitet .
Modulane er tenkt plassert der i ca 12-14 mnd som prosjekt kontor for utbetring/trafikksikring E39 Tufte –Flatøy , så dette er tidsavgrensa lokalitet.
Modulane vil tilfredsstillte Tek 10.
Er gjort kjent med at det er bygge og delings forbod i Knarvik, i forhold til område plan for Knarvik sentrum, og vil med bakgrunn i det søke om unntak i frå plan og bygningsloven §13.1 andre ledd .

Gjeldande planar:

Kommundelplan Knarvik-Alversund planid 1263-07032007

Reguleringsplan: Knarvik sentrum (del av) med utviding mot aust Formål er offentlige bygningar.
Arealplanid: 1263-200603

Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen, men i strid med mellombels forbod mot tiltak innfor plangrensa til områdeplan Knarvik sentrum:

Vedtak Plan- og miljøutvalet - 02.04.2014:

Lindås kommune vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 13-3, jf. §13-1, å forlenga det mellombelse forbodet mot tiltak innanfor plangrensa til områdeplan Knarvik sentrum. Jf. sak 132/10. Forbodet gjeld inntil 1 år frå vedtaksdato, eller til planen er vedteken med endeleg rettsverknad jf § 13-2.

Tiltak er definert som oppretting og endring av eigedom, eller tiltak etter § 1-6, og andre tiltak som kan vanskeleggjere planarbeidet.

Plan- og miljøutvalet tek avgjerd i spørsmål om tiltak som kan gjennomførast utan at planlegginga vert negativt råka, jf. plan- og bygningslova § 13-1, 2.ledd.

Avgjerd i slike saker er delegert til administrasjonen no i sommar.

Vurdering:

Mellombels bygg av denne typen vil ikkje vanskeleggjera planlegginga elller gjennomføringa av planen. Kommunen vil difor godkjenna søknaden.

Ansvar.

I saker etter PBL §20-2 er tiltakshavar ansvarleg for heile tiltaket.

Forhold til naboar:

Det er gjennomført nabovarsling etter PBL § 21-3. Ingen nabomerknader.

Forhold til andre styresmakter:

Kopi av søknad til arbeidstilsynet er lagt ved byggesøknaden

Plassering

av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal sendast kommunen.

Vatn- og avløp

Ikkje innlagt vatn. Sanitæranlegg i nabobygg.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ (2012-satsar). Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

10	Søknadspliktige tiltak (Pbl kap. 20)	Sats	Tal	
10.3.1	Basisgebyr mellombels bygg/anlegg	6.200	1	6.200
SUM				6.200

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunngjevast.

for

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Statens vegvesen ved Jan-Erik
Hansen

Askedalen 4

6863

LEIKANGER

Mottakarar:

Statens vegvesen region vest